



Kjell A. Bjørnestad
Bjørnestadvegen 316
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3172 - 16/3225

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
19.02.2016

Svar på spørsmål om planering og utbetring av torvveg på Gbnr 17/1 Bjørnestad

Viser til dykkar brev dagsett 07.12.15

De viser til at torvveg på dykkar eigedom Gbnr. 17/1 Bjørnestad trond vedlikehald. Vegen er bygd ca. 1920 og det er behov for å planera/avretta vegkroppen samt å fjerne enkelte knausar for at vegen skal bli farbar med eit mindre motorkøyretøy. Det var synfaring 20.11.15 kor kulturkonsulent Eirik B. Utne og skog- og miljøkonsulent Marius F. Knudsen var tilstade for Meland kommune.

Vegen er bygd før det vart søknadspliktig å byggje nye vegar. Ved vurdering om tiltaket som beskrive i brev og på synfaring er søknadspliktig har tiltaket vorte vurdert etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta). Landbruksvegforskrifta definerer kva tiltak som er søknadspliktige etter forskriften og kva tiltak som ikkje er søknadspliktige. Det er administrasjonen si vurdering at sjølv om vegen ordrett ikkje fell inn under bilvegar eller traktorvegar bygd i samsvar med normaler for landbruksvegar (jf. §1-2 landbruksvegforskrifta), at vegen ut i frå bruk vegen vart bygd for, vart nytta til og framtidig bruk vil falle inn under forskriftenas virkeområde og formål. Det vart opplyst om at du ynskjer å sette vegen i stand både for å ta vare på den, men også for å kunne nytta den i gjennomføring av skogskjøtselstiltak og til opprydding av vindfall.

Administrasjonen har vurdert beskrivne tiltak, mot kva som ikkje er søknadspliktige etter landbruksvegforskriftas § 1-3. Forskrifta § 1-3 3.ledd seier: forskriftena gjelder ikkje for vedlikehald, punktutbetring eller enkel opprusting som ikkje medfører endring av vegklasse i samsvar med normaler for landbruksveier med byggjebeskrivelse. Vegen går oppover i ei li-side og ytre vegkant er ein tørrmurt steinmur. Dette inneber at det kjem jord, sand og stein sigande med vatnet ned i vegbanen/vegkroppen. Dette vil etter kvart hope seg og medfører at veg ikkje har en slett vegkropp/vegbane. Det er kommunens vurdering at ei utjamning av vegbanen ikkje er søknadspliktig da reknast som vedlikehald. På enkelte steder langs vegen stikker det ut enkelte fjellknausar ut i vegen, dette gjer at på desse punkta er vegen smalare enn breden på vegen.

Du har opplyst at du ynskjer å ta vekk litt av desse knausane for at vegen skal kunne nyttast i full brede. Kommunen vurderer sette som ein punkutbetring som ikkje medfører heving av vegklasse, og at dette difor

da ikkje søknadspliktig. Kommunen vil påpeke at tiltaka som gjennomførast ikkje hever vegklassen på vegen. Etter § 1-3 i landbruksvegforskrifta kan tiltak som ikkje er søknadspliktige, verte søknadspliktige om dei har negativ effekt på dei omsyn som forskrifta skal ivareta etter føremålsparagrafen, jf. § 1-1. Kommunen har vurdert det slik at det i dette tilfellet ikkje er aktuelt.

Da vegen er av eldre dato og kan ha kulturhistorisk verdi har landbruksavdelinga bedt kulturavdelinga kome med kulturminnefaglege råd i vurderinga av tiltaka. Kulturavdelinga seier i si utale at vegen er eit element i landskapet som fortel om drifta i området opp mot Hegredalen og Grøno. Vøling av veglegemet vil gi ein fordel ved at ein tek vare på vegen for framtidige generasjonar og sørger for ny bruk av eldre strukturar. Vidare er det ein føresetnad for at tiltaket vert til fordel, sett i perspektiv av kulturminneverdiane, at ein held på det eldre preget med synleg tørrmur i nedre kant av vegen. Ein må slik unngå massepåfylling på nedsida og våle veglegemet på ein skånsam måte.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kjell A. Bjørnestad

Bjørnestadvegen 5918
316

FREKHAUG